



Masfjorden kommune

Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 28.09.2022
Møtestad: Matre
Møtetid: 10:00 - 14:30

Plan for møte:

Kl. 10 Starta møte med elevdialog elevar Matre skule

Formell setting av møte og evt handsaming av nokre saker om det vert opning for det

Klokka 11.00 – 11-30 Trygg Trafikk v/ regionleiar Knut Olav Nestås : Orientering om ordninga Trafikksikker kommune.

Klokka 11:30 – 12.00 Matpause

Klokka 12.00 – 13.00 Statsforvaltaren i Vestland - fagpersonar vil orientere om ordninga med Startlån og bustadsosiale tiltak

Klokka 13.00 – 13.30 Arne Høyland vil orientere om museumsplanar i Nordhordland

Frå ca. Klokka 13.30 Framhald handsaming av ordinære saker kommunestyret

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	UR	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Malmfred Helge Haukeland	AP	Britt Inger Myhr
Ørjan Daae	Frp	Jostein Kvamme Duesund
Bjarte Dyrkolbotn	H	Bjarte Andvik
John Torsvik	H	Atle Nordland
Helga Nyhavn Matre	H	Arne Hindenes
Stian Søvik	Sp	Wenche Dåe

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

046/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 04
047/2022	Godkjenning av møtebok	s. 05
048/2022	Kraftmelding pr. 30.06.2022	s. 06
049/2022	Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter	s. 09
050/2022	Mobilmast på Stegebotsfjellet i Ytre Haugsdal	s. 13
051/2022	Forskottering - utbetring av fylkesveg 571 mellom Kringla og Furubotn - i Gulen og Masfjorden kommune	s. 15
052/2022	Referatsak	s. 18

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	22/844

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 046/2022

KS - behandling:

Det vart gjort framlegg om Erlend Kvamsdal (H) og Silje Vågseth Kjetland (Sp) til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	22/844

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 047/2022

KS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-S09	19/430

Saknr	Utval	Type	Dato
080/2022	Formannskapet	PS	29.08.2022
048/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Kraftmelding pr. 30.06.2022

Vedlegg:

Journalposttittel

Kraftmelding pr. 30.06.2022

Dato

24.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftmeldinga pr. 30.6.22 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret den 13.12.2016 samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.


Fakta

Viser til sjølve kraftmeldinga som følgjer som vedlegg.

Vurdering

2021 hadde kommunen samla kraftinntekter med knappe 53 mill.kr., medan kraftinntektene ser ut til å passere 70 mill.kr i 2022 med dagens prognosar, som inneber ein auke på 30%.

	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	prognose	
	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	budsjett 2022	pr 30.6.22
Konsesjonsavgifter:	3 168 580	3 171 069	3 199 992	3 171 000	3 200 000
Naturressursskatt:	12 035 661	11 530 541	12 137 785	11 500 000	11 500 000
trekk inntektutjamning	-3 280 000	-3 143 000	-2 248 000	-2 200 000	-2 200 000
Konsesjonskraft:	14 349 471	-1 182 026	12 592 064	12 700 000	30 742 810
eigedomsskatt kraftverk & nett:	20 250 859	24 650 512	26 346 649	24 498 000	24 498 000
utbytte	797 589	621 486	828 648	650 000	948 000
sum kraftinntekter:	47 322 160	35 648 582	52 857 138	50 319 000	68 688 810



Konklusjon

Kraftmelding pr. 30.juni 2022 skal gje ei relevant statusvurdering kring nokre sentrale forhold kring kraftinntektene – og tilrår at meldinga vert teken til vitring.

Formannskapet - 080/2022

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kraftmeldinga pr. 30.6.22 vert teken til vitring

Kommunestyret - 048/2022

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Rådmannen refererte regjeringa si pressekonferanse i forkant av kommunestyremøte og sa at det som vart presentert vil få store konsekvensar for 2023 budsjettet.

Utklipp frå NTB:

Forslaget innebærer et ettårig trekk i rammetilskuddet på til sammen 3 milliarder kroner fra kommuner og fylkeskommuner i områder med høyest strømpriser, altså Østlandet, Sørlandet og Vestlandet.

For å få en rimelig fordeling av trekket vil kommunene og fylkeskommunene fram til

1. desember kunne rapportere inn hvordan konsesjonskraften er disponert. Basert på innsendt informasjon fastsetter regjeringen den endelige fordelingen.

Verdien av konsesjonskraften i områdene med høye strømpriser anslås til om lag 13 milliarder kroner i 2022 og 11 milliarder i 2023 – opp fra 4 milliarder i 2021. Beregningen er gjort ut fra prisanslag fastlagt i begynnelsen av august i år

Kommunestyret samla seg om å gje rådmannen fullmakt til å gå i forhandling med småbedrifter som har sendt inn søknad om støtte pga utfordringar.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Kraftmeldinga pr. 30.6.22 vert teken til vitring

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Arne Neset	FA-F08	21/41

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2022	Formannskapet	PS	29.08.2022
049/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Masfjorden frivilligsentral - etablering og vedtekter

Vedlegg:

Journalposttittel

Framlegg til vedtekter til Masfjorden Frivilligsentral

Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler - Lovdata

Dato

23.08.2022

24.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.
2. Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.
3. Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Statlege styresmakter har gjennom stortingsmelding nr. 10 (2018-2019) «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig» auka innsatsen og merksemda på frivillig arbeid i kommunane. I tillegg peikar stortingsmelding nr. 15 (2017-2018) «Leve hele livet» på at det offentlege i større grad må rette fokus på den ressursen som ligg i frivillig arbeid.

Formannskapet sette i februar 2021 ned ei arbeidsgruppe for å jobbe med å fornye Masfjorden frivilligsentral (FS-008/21). Frivilligsentralen vart stifta 01.09.91 med Masfjorden sokn som eigar. Sentralen har hatt ein 20% ressurs til dagleg leiar. Dette har vore for lite til å drive koordinering av frivillig arbeid i kommunen.

Arbeidsgruppa starta opp arbeidet i februar 2021, og gjorde først ei kartlegging av krav og moglege innhald i ein utvida frivilligsentral, då ved å kontakte andre frivilligsentralar, fylket, og Norges frivilligsentralar. I september 2021 inviterte arbeidsgruppa lag og organisasjonar til eit felles møte for å avdekke ynskjer og behov hjå folk i Masfjorden for ein slik sentral. Det var godt frammøte og ei god kartlegging vart gjort. Behov for ein frivilligsentral i Masfjorden i større omfang enn det som har vore kom tydeleg fram. Arbeidsgruppa har deretter jobba fram eit forslag til innhald, rammer, organisering og økonomi, og med det også nye vedtekter.

På bakgrunn av rapport utarbeida i 2021 frå arbeidsgruppa, gjorde kommunestyret vedtak i sak 052/21 at «Masfjorden kommune seier seg villig til å ta over drifta av frivilligsentralen i Masfjorden kommune dersom Masfjorden sokn finn dette føremålstenleg. Ved ei slik overføring kan Masfjorden

kommune også tilby å ta over arbeidsgjevaransvaret for personalressursen på 20% som er knytt til sentralen i dag.» Masfjorden sokn har stadfesta at dette er samanfallande med soknet sitt ynskje.

Vurdering:

Statlege styresmakter har peika på at det offentlege vil vere heilt avhengig av innsats frå frivillige for å ivareta gode velferdstilbod i framtida. Frivilligsentralen har i oppgåve å kople frivillige med innbyggjarar som har behov for bistand som går ut over det dei offentlege tenestene pliktar å ivareta. Gjennom sentralen ynskjer ein å stimulere til eit levande lokalmiljø, møter på tvers av generasjonar og auka livskvalitet for innbyggjarane.

Døme på oppgåver sentralen kan hjelpe innbyggjarane med:

- Praktisk hjelp til oppgåver i heimen, eks. snømåking m.m.
- Koordinere kurs innan digital kompetanse, jmf. prosjekt for «Digital utanforskap», «Leve heile livet» og «Stiftelsen Verdighetscenteret»
- Hjelp til å kunne bruke digitale verktøy, kurs og rettleiing.
- Transporttenester.
- Konsept «venn»-tilbod, eks. besøksven.
- Hjelp til å delta i aktivitetar.
- «Velkomstpakke» for nye innbyggjarar og særskilt for flyktingar.
- Opprette uforpliktande møteplassar.

Døme på offentlege aktørar sentralen kan samarbeida med:

- Samarbeid med NAV - td. arbeidstrening og støttekontaktar.
- Samarbeid med sjukehus/ heimetenesta i samband med retur av utskrivne pasientar.
- Samarbeid med vidaregåande opplæring i høve lærlingar og TAF-elevar.
- Samarbeid med grunnskulen i høve faget "Innsats for andre".
- Samarbeid med Einekavane.
- Internt samarbeid med andre avdelingar, særskilt kultur, bibliotek, flyktingetenesta, skule, barnehage, helse og omsorg.

Døme på samarbeid med lag og organisasjonar:

- Hjelp til å få ut informasjon om laga sine aktivitetar (kalender)
- Hjelp til å søkje eksterne midlar, og ha oversikt på aktuelle finansielle kilder (tilgang søknadsportalen).
- Kople frivillige einskildpersoner inn mot aktivitetar i lag og organisasjonane.
- Kople frivillige mot profesjonelle aktørar, i samhandling med kultur og oppvekst, helse og omsorg.
- Fungere som formidlar av kompetanse retta mot arbeid i lag og organisasjonar.

Døme på samarbeid med enkeltpersonar som ynskjer å bidra til frivillig arbeid:

- Sjå til at den einskilde frivillige stetter formelle krav til å gå inn i det frivillige arbeidet, td. rutiner for innhenting av politiattest og teiepliktserklæring.
- Bidra med kompetansetilføring/ opplæring til dei som skal yte frivillig arbeid.
- Legge til rette for at personar i arbeidstrening kan gå inn i oppgåver i det frivillige arbeidet.
- Informere om behov, og legge til rette for at personar kan melde seg til frivillig arbeid.
- Nettverksbygging og sosialt samkvem for frivillige.
- Nabohjelp – legge til rette for utføring av praktiske oppgåver.

Rammer:

Tidleg i arbeidet kom det fram at ein frivilligsentral har ei stor koordineringsrolle. Noko av dette er synleggjort over. Arbeidsgruppa er tydeleg på at ei 100% stilling for dagleg leiar er naudsynt for å etablere ein ny sentral. Dette vart signalisert i sak vedkommande kommunal overtaking. Ein har lenge venta på ei avklaring når det gjeld statleg finansiering av frivilligsentralane, og ulike modellar har vore vurdert. I sommar kom det ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar som trer i kraft frå

1.8.2022. Den nye modellen for statleg tilskot til frivilligsentralar har vilkår om minimum 100% stilling i sentralen for å få tilskot. Forskrifta legg også til grunn at kommunen sjølv må skyte inn minimum 40% av sentralen sine samla driftsinntekter. Stortinget vil årleg løyve ei ramme til frivilligsentralar i statsbudsjettet. Den statlege ramma vert fordelt likt på alle frivilligsentralane i landet, uavhengig av storleik, så lenge ein har ei drift som fyller vilkåra i forskrifta. For 2022 er tilskotet kr.448 000 per sentral. Kommunen si eigafinansiering vert då minimum kr. 180.000,-. Drifta av frivilligsentralen må innarbeidast i budsjettet for 2023.

Bemanning:

I utgangspunktet treng ein frivilligkoordinator i heil fast stilling. Det er ingen tilsette som vert overførte frå Masfjorden sokn. Det er difor naudsynt med nyrekruttering i heile stillinga.

Organisering:

Det er ikkje avklart kva etat eller eining frivilligsentralen vil verte organisert under. Sentralen vil i alle høve samarbeide tett med frivillige og med alle kommunale einingar, både kultur, oppvekst, bibliotek, fyktningetenesta og pleie og omsorgstenesta.

Arbeidsgruppa sitt forslag til vedtekter er justert av råmannen for at drifta skal vere best mogeleg tilpassa kommunen si drift, men samstundes er stemma til dei frivillige teke inn i sentralen gjennom ressursgruppe og årleg fellesmøte.

Konklusjon

Rådmannen innstiller på følgjande:

1. Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.
2. Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.
3. Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.

Formannskapet - 082/2022

FS - behandling:

Helse- og oppvekstleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Torill Torsvik Strøkersen ba om det kom sak ang frivilligpolitikk og etablering av BUA i løpet av første driftsår.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.
2. Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.
3. Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.

Kommunestyret - 049/2022

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

- 1. Masfjorden kommune overtek drifta av Masfjorden frivilligsentral frå og med 1.1.2023.**
- 2. Det vert oppretta 100% stilling som frivilligkoordinator frå 1.1.2023.**
- 3. Vedtekter for Masfjorden frivilligsentral vert vedtekne slik dei ligg føre.**

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-T77	22/609

Saknr	Utval	Type	Dato
050/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Mobilmast på Stegebotsfjellet i Ytre Haugsdal

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 2.000.000,- eks mva. til å etablere mobilmast med hytte og framføring av straum på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Masfjorden kommune har i lengre tid vore i drøftingar med Telenor om å få bygd ei mobilmast med hytte og framføring av straum på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal. Formannskapet handsama i møte den 31.08.2020, saksnr. 075/2020, sak om prioritering knytt til betre mobildekning i Masfjorden kommune. Det vart då gjort følgjande samrøystes vedtak:

«Masfjorden kommune prioriterer å få til utbetring av mobildekninga ved Nordkvingo og i området Rambjørsvika/ Ytre Haugsdalen i perioden 2021 – 2022. Evt. tiltak må innarbeidast i økonomiplanen før realisering/oppstart.»

I denne saka gjekk det fram at: « Dei teoretiske dekningskarta viste at ei utbetring av mobilsignala i området ved Nordkvingo kan gje betre dekning til ca 70 bustader, 45 hytter og 30 næringsdrivande, og at ei utbetring i området Haugsdal/ Rambjørsvika kan gje betre dekning til ca. 85 hus og ca 100 hytter og 47 næringsdrivande. » På bakgrunn av dette tilrådde rådmannen vidare satsing på desse to stadane.

Den 26.10.2021 vart det inngått intensjonsavtale mellom Masfjorden kommune og Telenor Norge AS, der begge partar vart samde om å arbeide for betre mobildekning i område på Nordkvingo og i Ytre Haugsdal. I avtalen vert det avklart ei arbeidsdeling om at kommunen skal byggje hytte og mast, og føre fram straum til den planlagde masta i Ytre Haugsdal, og at Telenor seinere skal drifte anlegget med sitt tekniske utstyr når dette er på plass. Kommunen får og ansvaret for å få på plass naudsynte godkjenningar, inkludert grunneigaravtale.

Den 25.04.2022 signerte kommunen grunneigaravtale med eigar av området. Den sikrar kommunen rett til å byggja mast med hytte, samt leggja fram straum til planlagd hytte på Stegebotsfjellet.

Den 14.06.2022 vart det inngått leigeavtale mellom kommunen og Telenor Infra AS, som sikrar at dette selskapet kan nytte ei framtidig mobilmast med hytte til etablering av kommunikasjonssystem og plass til å montere teknisk utstyr og inntil 7 antenner på masta.

Sjølve arbeidet må ut på anbod etter reglane om offentleg anskaffing. Det vil skje så snart det ligg føre eit politisk vedtak i saka.

Vurdering

Masfjorden kommune har i mange år jobba med å styrke mobildekninga i kommunen, og dette prosjektet er viktig for å styrke mobildekninga i eit sentralt område i Masfjorden. Den endeleg kostnaden veit ein ikkje før prosjektet har vore ute til offentleg anskaffing, noko ein ser for seg bør skje i haust, slik at prosjektet kan starta opp tidleg i 2023. Dersom det viser seg at kostnaden vert høgare enn 2 millionar, vil saka verta lagt fram til ny politisk handsaming.

Konklusjon

Rådmannen meiner dette er eit viktig prosjekt, og rår til at det vert løyvd inntil krone 2.000.000 eks, mva. til å etablere mobilmast med tilhøyrande infrastruktur på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal.

Kommunestyret - 050/2022

KS - behandling:

John Torsvik (H) spurte om han var ugild i denne saka sidan han er grunneigar der mobilmasta skal etablerast. Kommunestyret samla seg om at Torsvik var gild.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Det vert løyvd inntil krone 2.000.000,- eks mva. til å etablere mobilmast med hytte og framføring av straum på Stegabotsfjellet i Ytre Haugsdal.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-Q13	22/832

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Forskottering - utbetring av fylkesveg 571 mellom Kringla og Furubotn - i Gulen og Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Utbetringpunkt gbnr 43-2

Utbetringpunkt Gulen

utbetringpunkt gbnr 43-3 og 43-4

Dato

22.09.2022

22.09.2022

22.09.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune forskotterer inntil 3 million kroner til vegutbetringar på utvalde fire punkt langs fylkesveg 571 mellom Furubotn og Kringla i Gulen kommune. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Rådmannen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune.

Det skal arbeidast med å få på plass eit spleiselag med Gulen kommune og tilskot frå Vestland fylkeskommune til prosjekta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Formannskapet hadde til handsaming i møte den 04.02.2021, sak 013/2021 sak om midlar til prosjektering av mindre vegutbetringar langs fylkesvegar i Masfjorden kommune. I denne saksutgreiinga vart det nemnt 5 stadar det var mest aktuelt å sjå nærmare. Desse stadane var:

«Mollandseid – Reknes: punktutbetring kurvatur

Bergsvik: punktutbetring kurvatur

Eikemofoss: punktutbetring kurvatur

Kalhovda – Furebotn: utbetring vegkantar

Kringla: utbetring flaskehals, rassikring»

I saka vart det løyvd inntil krone 100.000 til prosjektering, og under vurderingar stod det:

« Ein kan få mykje ut av avgrensa midlar til prosjektering dersom det kjem statlege/ regionale midlar til denne typen punktutbetringar i framtida. Det hender og at ein kan få løyst utfordringar lettare når ein har såkalla «gryteklare prosjekter» i porteføljen. Dersom det vert løyvd krone 100.000,- til dette er det pårekeleg at ein kan få prosjektert 8 – 12 utbetringar (byggjeteikningar med mengdeoppsett m.v.) Kor tid ein eventuelt kan få realisert utbetringane er uansett umogeleg å vita.»

I samband med planane til Statens Vegvesen for oppgradering av Jernfjell og Skrikeberg tunnelen langs E39 fekk Masfjorden tilbod på inntil 5000 m³ tunnelstein. Det vart seinare gjort avtale med Statens Vegvesen om at ein del av steinen skulle gå til det kommunale næringsområdet på Krossleitet (krysset vest for Kalhovda), og den andre delen til bustadprosjektet til Haugsvær Panorama.

I sommar vart det teke initiativ å nytta steinmassane til utbetringar langs fylkesvegen i området mellom Kalhovda og Kringla. Kommunen har engasjert ein konsulent til å prosjektere/ planleggja utbetringar på fire stadar på denne strekninga, der målet i første omgang er å kunna leggja steinmassane frå tunnelarbeidet direkte på stadar med flaskehalsar, der det er langt til nærmaste gode møteplass.

De aktuelle fire stadane er på følgjande stadar, sjå kartvedlegg :

- **Furubotn**, på gnr. 43 bnr. 2

- **Furubotn**, på gnr. 43 bnr. 4

- **Furubotn**, på gnr. 43 bnr. 3

- **Kringla**, gnr. 122 bnr. 3 og 4.

Framdrift og finansiering:

Ordførar har vore i dialog med Vestland fylkeskommune og med ordførar i Gulen kommune, der temaet har vore desse utbetringane og eventuelt spleiselag for å få dette finansiert. Det er ligg per i dag ikkje noko lovnader, og dette er noko det må jobbast meir med.

Tunnelmassane vil bli køyrt ut i løpet av oktober og november, og utgangspunktet for engasjementet, er at desse er ein ressurs som kan nyttast til å utbetra fylkesvegen på ein kostnadseffektiv måte nær uttaksområdet. Fylkeskommunen har signalisert at dei kan vere byggherre, og ta ansvar for å henta inn entreprenørar med meir, på vilkår om at Masfjorden kommune sikrar finansieringa ved å signere ein samarbeidsavtale. Dene avtalen vil regulere tilhøvet mellom partane, og vil ha ei ramme på 3 millionar eks. mva. Fakturaer frå entreprenør skal sendast direkte til, og betalast av Masfjorden kommune. I tillegg vil fylkeskommunen fakturere kommunen for timepris prosjektering og timepris byggeleiing.

Vurdering

Denne saka handlar om å få på plass fleire utbetringar langs fylkesveg 571, samstundes som det vert frigjort steinmassar frå tunnelprosjekt langs E39. Fylkesvegane er fylkeskommunen sitt ansvar, og ikkje ei kommunal oppgåve i utgangspunktet. Ved å forskottere kan Masfjorden kommune få fokus på fylkesveg 571 (Masfjordvegen), og håpe på at engasjementet kan medføre meir fokus på andre utbetringar langs denne vegen seinare mellom anna ved Molland/ Rekneset. I kommunedelplan for

trafikksikring er det definert fem satsingsområde. Det eine har følgjande ordlyd:

« Eit vegnett der fartsnivå og sikringstiltak medverkar til låg risiko for konflikter med mjuke trafikantar, møteulykker og utforkøyningar.» Alle desse definerte vegtiltaka meiner administrasjonen er innanfor dette satsingsområdet. Utbetring av denne strekninga er og teke med i handlingsplanen i trafikksikringsplanen, som uprioritert tiltak med ID nummer 65.

Rådmannen vil vise til at det er mange prosjekt som er ønskjeleg å få på plass, og som har høgare prioritet i trafikksikringsplanen. På den andre sida er det no ein har tilgang på gratis steinmassar, og at det difor er føremålsteneleg å prioritere desse stadane som ligg nært tunnelane på E39.

Vidare vil ein understreka at det er viktig å få til eit spleiselag med Gulen kommune, samt tilskot frå Vestland fylkeskommune, slik at ikkje Masfjorden kommune må dekke alle kostnadane.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune forskotterer inntil 3 million kroner til vegutbetringar på utvalde punkt langs fylkesveg 571 mellom Furubotn og Kringla i Gulen kommune. Vidare at det vert inngått samarbeidsavtale med fylkeskommunen om utbetringane.

Kommunestyret - 051/2022

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune forskotterer inntil 3 million kroner til vegutbetringar på utvalde fire punkt langs fylkesveg 571 mellom Furubotn og Kringla i Gulen kommune. Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Rådmannen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune.

Det skal arbeidast med å få på plass eit spleiselag med Gulen kommune og tilskot frå Vestland fylkeskommune til prosjekta.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	22/844

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2022	Kommunestyret	PS	28.09.2022

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Særutskrift sak 3022 frå protokoll Masfjorden kontrollutval
2. Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022- 2025
3. E16/E39 Arna - Vågsbotn - Klauvaneset - Kommunedelplan med konsekvensutredning 2.gangs behandling
4. NOU 2022: Inntektssystemet for kommunene - Høring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 052/2022

KS - behandling:

Møte starta med dialogmøte mellom elevane på Matre skule og kommunestyremedlemmene.

Orientering om ordninga Trafikksikker kommune v/regionleiarar Knut Olav Nestås, Trygg Trafikk.

Orientering om ordninga med Startlån og bustadsosiale tiltak v/May-Brit Nordås, Statsforvaltaren i Vestland.

Orientering om museumsplanar i Nordhordland v/Arne Høyland.

Skriftlege spørsmål:

Silje Vågseth Kjetland (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Fyrst ros for at det skjer mykje bra med bygget på Matre Skule!

Senterpartiet ynskjer elles ei evaluering på korleis det går med systemet for vedlikehald i kommunen, LAFT. Er einingane (leiarane) nøgd med systemet, og vert oppgåvene dei melder inn

utført, og utført raskt nok? Det er viktig at dei som har ansvar ikkje vert sendt til andre områder, slik at me får kvalitet over systemet. Dette ynskjer me ei attendemelding på.

Det ser også ut som at kvar eining har mange personar «liggjande under» seg, til vedlikehald. Då vil me stilla spørsmål kvifor Masfjorden sjukeheim søker dugnad til uteområdet på facebook?

(Veldig kjekt at ein kan vera saman, bebuarar og naboar, men betyr det at dei som har ansvar for dette, har for mange arbeidsområder/oppgåver?)

Referatsaker:

Skriv 1 - Særutskrift sak 3022 frå protokoll Masfjorden kontrollutval

Skriv 2 - Oversending - Masfjorden kommune - budjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Skriv 3 - E16/E39 Arna - Vågsbotn - Klauvaneset - Kommunedelplan med konsekvensutredning 2 gangs behandling

Skriv 4 - NOU 2022: Inntektssystemet for kommunen - Høring

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om kontakt med firma om profilering av kommunen saman med Gulen

Eit samla kommunestyret bad om at dette vart tema på eit felles formannskapsmøte mellom kommunane Masfjorden og Gulen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyre 28.09.22 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Erlend Kvamsdal
kommunestyremedlem

Silje Vågseth Kjetland
kommunestyremedlem